

Ny lekkaskje under reparasjon

15.01.2013

Vassverket sin kamp mot lekkasjane held fram. Lekkasjen ved Eidsvik/Steinsletto vart reparert, men då den var ordna og trykket i nettet auka vart ein ny lekkasje oppdaga. Den var på Eik og no er den under reparasjon, opplyser vassverkleiinga tysdag føremiddag.

Det er ikkje uvanleg at nye lekkasjer vert avslørt når nokre blir tetta og grunnen er at vasstrykket aukar. Det er det som no har skjedd. Leiar Hans Reidar Kjærland vonar at problema no er løyst men det er sjølvstakt ikkje sikkert nettopp av denne grunn.

At det har vore 3 lekkasjar i det same området betyr ikkje nødvendigvis at nettet er særleg svakt der for det same tekniske materiellet er nytta over heile bygda.

Av Ola Matti Mathisen